


7

5. APRIL  
1979

# Fiskets Gang



# Fiskets Gang



Utgitt av Fiskeridirektøren

NR. 7 - 5. APRIL 1979

65. ÅRGANG

Utgis hver 14. dag

ISSN 0015 - 3133

Redaktor:

HÅVARD ANGERMAN,  
kontorsjef

Redaksjon:

SIGBJØRN LOMELDE  
KNUT ANDREAS SKOGSTAD

Fiskets Gangs adresse:

Fiskeridirektoratet  
Postboks 185, 5001 Bergen  
Telf.: (05) 23 03 00

Trykk: A.s John Grieg

Abonnement kan tegnes ved alle poststeder ved innbetaling av abonnementsbeløpet på postgiro-konto 5 05 28 57, på konto nr. 0616.05.70189 Norges Bank eller direkte i Fiskeridirektoratets kassakontor.

Abonnementprisen på Fiskets Gang er kr. 90.00 pr. år. Denne pris gjelder også for Danmark, Finland, Island og Sverige. Øvrige utland kr. 110.00 pr. år.

PRISTARIFF FOR ANNONSER:

Tekstsider:

1/1 kr. 800      1/4 kr. 225

1/2 kr. 400      1/6 kr. 150

1/3 kr. 300      1/8 kr. 125

Omslagets 4. side (1/3 s.) kr. 400.

VED ETTERTRYKK FRA  
FISKETS GANG  
MÅ BLADET OPPGIS  
SOM KILDE  
ISSN 0015-3133

## INNHold — CONTENTS

<b>Stormaktsutspill om kontinentalsokkelen setter Havrettskonferansen i fare</b> US—Soviet proposal threatens to thwart the UN Law of the Sea Conference	196
<b>Eksportframstøt for norsk ferskfisk i Sveits</b> Sales campaign for Norwegian fresh fish in Switzerland	198
<b>Nye fiskefartøy</b> New Fishing Vessels	202
<b>Høyere kvantum, men lavere førstehandsverdi av britisk fisk i 1978</b> Landings and values of british fish 1978	205
<b>Forslag om lisensordning for britiske fiskefartøy</b> Mr Meek aiming at the job as Director General of Fisheries in Britain	206
<b>Finnmark fiskerilag mot prøveboring etter olje i nord i 1980</b> Finnmark fishermen says no to oil drilling off Northern Norway next summer	207
<b>Lover og forskrifter</b> Laws and Regulations	209
<b>Tilrådinger fra Reguleringsutvalget</b> Recommendations from The Advisory Board on Fishing Regulations	213

Forsidefoto: Henging av skrei i Henningsvær  
Foto Sigbjørn Lomelde

## Codex-komiteen for fisk og fiskeprodukter fører standardiseringsarbeidet videre

Påny skal Codex-komiteen for fisk og fiskeprodukter møtes i Bergen. Annen uke i mai vil over 100 delegater og rådgivere fra ca. 30 land komme sammen for å drøfte standarder og produksjonsveiledninger knyttet til fisk og fiskeprodukter i global målestokk. I forbindelse med Codex-kommisjonens siste møte i Roma i 1978 ble en rekke nye fiskestandarder gitt endelig anbefaling, og i alt er 12 produkter eller produktgrupper ferdigbehandlet. En milepel tør være at standarden for sardiner og produkter av sardin-typen endelig er godkjent. Etter mange års tildels meget vanskelige forhandlinger foreligger et, etter de fleste deltakerlandsmening, godt kompromiss, som tar hensyn til produsenter i mange land med varierende råstoff og ikke minst forbrukere eller konsumentenes krav til kvalitet og informativ merking av produktene.

De såkalte «codes» eller produksjonsveiledninger ble ansett å være av stor betydning for utviklingslandene, og flere er i dag utgitt mens seks nye produkt-typer behandles i dokumenter som er forelagt Codex-komiteen til drøftelse og ferdig-utvikling.

Av nye produkter som er tatt opp må nevnes frossede panerte fiskevarer. Denne type produkter har en meget sterk vekst i verdenshandelen, og omsetning kan måles i 10-tusener tonn i flere land. Det karakteristiske med disse produkter er at det i tillegg til råstoff av forskjellige fiskearter, er introdusert produkter basert på fiskefarse. Dette åpner mulighet for bedre råstoff-utnyttelse og blandingsvarer. Når samtidig belegget med panering utgjør ca. 50 prosent i flere produkter, med tilsetninger for smak, aroma

og ofte fett for direkte steking, er det innlysende at det er en vanskelig produkt-type en har tatt opp. På den annen side er den særdeles viktig for konsumentene, og en håper å lykkes med en generell standard for å unngå utglidninger.

Det norske Codex-råd nedsatte for noen år siden et interdepartementalt utvalg med deltagelse av jurister fra berørte departementer, som utredet de juridiske og administrative spørsmål knyttet til godkjenning av Codex-standarder fra norsk side. Etter en grundig juridisk analyse kom en til at en godkjenning av Codex-standarder kan gjennomføres av berørte departementer, for fiskestandarder således Fiskeridepartementet. En bygger da på hjemmel i lov om kvalitetskontroll av fisk og fiskevarer. De blir tatt opp som forskriftsendringer og behandlet ved høring hos involverte parter. Bestemmelser knyttet til hygiene og tilsetningsstoffer vil måtte godkjennes av Sosialdepartementet. Den nødvendige koordinering av forskjellige matvarers standarder skjer i Codex-rådets regi. Norge står i dag overfor godkjenning av en rekke standarder for flere viktige matvarer, omfattende også en rekke fiskeprodukter.

Av nye problemer som har meldt seg de senere år, og nå er tatt opp til realitetsbehandling, er behovet for mikrobiologiske spesifikasjoner og standarder. Verdens Helseorganisasjon har p.g.a. fare for overføringer av epidemier gjennom handel med matvarer, rettet søkelyset mot krav til streng produksjonshygiene. Dette kan i praksis komme til å bety at enkelte produkter, bl.a. fiskevarer kanskje, i første rekke skalldyr, vil få mikrobiologiske krav til hygiene. Dette punkt foreligger også til vurdering på fiskerikomiteens møte.

O.R.B.

8. sesjon av Havrettskonferansen:

## Stormaktsutspill om kontinentalsokkelen setter Havrettskonferansen i fare

### U-land møter beinharde krav fra vestlige industriland

«FG» i Geneve

Spillet om rettighetene til havets ressurser er ennå ikke slutt. På den 8. sesjonen av Havrettskonferansen som nå pågår i Geneve i Sveits er det oppstått nye og meget store problemer. Problemene er i første rekke oppstått på grunn av stormaktene USA og Sovjets utspill om rettigheter på kontinentalsokkelen utenfor et lands 200 miles sone. USA og Sovjet er skjønt enige om at på denne delen av et lands kontinentalsokkel skal andre land ha lov til å opprette «kunstige øyer» og å drive «vitenskapelige undersøkelser», f.eks. boring etter olje, uten tillatelse fra det land som kontinentalsokkelen tilhører. «Kunstige øyer» betyr i denne forbindelse faste installasjoner som borerigger o.l. og «vitenskaplige undersøkelser» er et meget tøyelig begrep som det kan legges mye i.

Forslaget har vakt kraftig motstand, forteller den norske delegasjonslederen, ambassadør Jens Evensen, til «Fiskets Gang». Ambassadør Evensen sier at forslaget som USA og Sovjet står sammen om kan få alvorlige konsekvenser for norske interesser, og Norge går sterkt mot forslaget.

Dersom USA og Sovjets syn skulle gjelde, ville dette bety at andre land kunne legge seg rett utenfor vår 200 miles sone, f.eks. i Nord-Norge, og drive oljeboring

for «vitenskapelige» formål. Norge ville ikke ha noen garanti for at slike undersøkelser ville bli drevet på en forsvarlig måte, og et uhell kunne gjøre ubotelig skade på fiskebanker som norske fiskere er fullstendig avhengig av. Slike frie undersøkelser vil i det hele tatt være en trussel mot hele havmiljøet og de ressurser som bl.a. Norge er avhengig av.

— Ambassadør Evensen, hvor stort område av norsk kontinental-



sokkel kunne andre land benytte seg av ifølge det omtalte forslaget?

— Det ville bli et område som er om lag 1/2 gang så stort som Norges økonomiske sone.

— Hva med Svalbard-sonen?

— I dag har vi som kjent en verne-sone ved Svalbard, ikke en økonomisk sone i vanlig forstand, og dermed kunne det opprettes kunstige øyer og drives undersøkelser også i dette området. Dette er imidlertid en ren hypotese, Nor-



Hvor finnes løsningen? Delegasjonslederen, ambassadør Jens Evensen (til v.) og medlem av delegasjonen, eksp.sjef Ingjald Ørbeck Sørheim, konstaterer at Havrettskonferansen har fått nye vanskeligheter å stri med.

ge ville være nødt til å opprette en økonomisk sone ved Svalbard for å stoppe en slik utvikling.

Forslaget fra stormaktene har naturligvis også en forsvarspolitisk side. Som nevnt, «vitenskapelige undersøkelser» er et tøyelig begrep, og med klar bane for undersøkelser på et annet lands kontinentalsokkel utenfor 200 mil, ville det neppe bare bli fisk og olje som ville bli undersøkt. Her ser det imidlertid ut til at USA ikke får støtte fra noen av sine NATO-partnere. USA og Sovjets forslag har i det hele tatt så sterk motstand at Havrettskonferansen kan komme i fare dersom det ikke blir trukket tilbake.

#### Den irske modell

Hva mener så andre land om rettighetene på kontinentalsokkelen? Her er det bred enighet om den såkalte irske modell som sier at kyststaten skal ha råderett over kontinentalsokkelen også utenfor 200 mil inntil 60 mil fra foten av kontinentalskråningen, eller til det punkt der sedimentlagets tykkelse bare utgjør 1 prosent av avstanden fra foten av kontinentalskråningen. Dette forslaget innebærer at kyststaten skal dele sin fortjeneste av oljeutvinning utenfor 200 n.mil i form av en produksjonsavgift til den påtenkte internasjonale havbunnorganisasjonen.

#### Spørsmålet om delelinjer

På Havrettskonferansen er det en spesiell gruppe som drøfter spørsmål som angår avgrensningen mellom økonomiske soner og sokkelområder. Dette er viktige spørsmål for Norge, både i forhold til Sovjet og til Island. Forhandlingsgruppen ledes av den finske høyesterettsdommeren E. J. Manner, og særlig siste del av konferansen vil bli brukt til å drøfte delinjespørsmål.

På forrige sesjon var det liten framgang å spore i forhandlingene om delinjespørsmålet. Norge har gått inn for at havrettskonvensjonen skal ha en regel om avgrensning, og at regelen bør vise til hvilken metode som bør brukes. Det er pekt på at i gjeldende folkerett og i statspraksis bygger en på midtlinje-prinsippet. Det skulle være kjent at andre land ikke deler dette synet. For øvrig er det også uenighet om grensetvister skal løses ved bindende tvisteløsning.

I samme forbindelse er det grunn til å være oppmerksom på en rede-gjørelse som den islandske utenriksministeren Benedikt Grøndal holdt i Alltinget nylig. Utgangspunktet var ønsket fra norsk side om å opprette en 200 mils sone ved Jan Mayen. Grøndal sa da bl.a. at det er snakk om to viktige faktorer som ikke nødvendigvis henger sammen: på den ene side grensen mellom land og øyers rettigheter i området nord for Island, og på den annen side retten til ressurser på kontinentalsokkelen utenfor 200 mil. Grøndal antydet da at en nasjon kunne ha rett til ressurser i kontinentalsokkelen, mens en annen nasjon kunne ha retten til rikdommene i havet over den.

#### Kompromisser om mineralutvinning

8. sesjon av Havrettskonferansen er preget av arbeidet med å komme fram til en formalisert traktattekst. Første del av konferansen er særlig knyttet til å drøfte kompromiss-tekster om mineralutvinning på de store havdypene. Blant de omstridte spørsmålene er hvem som skal stå for utvinningen, private selskaper eller spesielle organisasjoner, og hvilken godtgjørelse utvinningen skal betale til «felleskassa». I de 20—25 første åra er det enighet om at private selskaper skal kunne drive utvinning, og i realiteten blir det neppe politisk mulig å utelukke de private interessene også etter den tid. Imidlertid vil Den Internasjonale Havbunnorganisasjonen, som etter planen skal opprettes, også drive utvinning i egen regi. Dette er i alle fall en sannsynlig utvikling.

Ambassadør Evensen forteller at det gjenstår å løse problemet med godtgjørelser fra utvinnerne. Her står partene mildt sagt langt fra hverandre. Ytterpunktene er markert med India som forlanger en avgift på 30 prosent av produktverdien, mens EF bare vil ha en avgift på 0,5 prosent. Her må det nødvendigvis bli et kompromiss.

Også representasjonen i Den Internasjonale Havbunnorganisasjonen står det strid om. I organisasjonens råd på 36 medlemmer skal alle grupper land være representert, noe som ser ut til å bli et delikat politisk spørsmål å løse.

Hvorvidt Havrettskonferansen

denne gangen gjør så store framskritt at en traktat-tekst kan legges fram til undertegning i 1980, er i skrivende stund umulig å spå. Imidlertid bærer konferansen fortsatt preg av meget steile standpunkter i enkelte saker, bl.a. fra enkelte vestlige industrilands side. Vest-Tyskland er hoved-eksponenten for ekstreme synspunkter i så måte, synspunkter som u-landene ikke på noen måte vil godta. I denne situasjonen spiller de skandinaviske land, særlig Norge, en mekler-rolle sammen med nasjoner som Kanada og Australia.



#### Trålløyve for «Hulvåg» og «Torino»

Fiskeridirektøren har gitt Per Skarvøy, 6494 Vevang, løyve til å fiska med trål med M-24-EE «Hulvåg».

Fiskeridirektøren har samstundes gitt Inge Sandvik, 6493 Lyngstad, løyve til å fiska med trål med M-2-EE «Torino».

#### Industri- og konsumtrålløyve for «Seidon»

Fiskeridirektøren har gitt Halvar Emil Henriksen, 4365 Hellvik i Eigersund, løyve til å fiska med trål med R-94-ES «Seidon». Løvet gjeld tråling etter industrifisk sør for 64° n.br., konsumfisk sør for 65° n.br. og lodde, kolmule og polartorsk. Trålløvet gir ikkje rett til kvote av norsk-arktisk torsk nord for 62° n.br.

#### Også ringnotløyve til «Dyrnesvåg»

Fiskeridepartementet har gitt Brødrene Holm A/S, 6580 Vestsmøla, løyve til å driva ringnotfiske etter sild, makrell, lodde og brisling med M-158-SM «Dyrnesvåg». Det er eit vilkår for konsesjonen at fartøyet ikkje leverer meir ringnotfangst sild, makrell, lodde og/eller brisling enn 2 150 hl pr. tur.

Som meldt i ein annan notis i dette nummeret av FG, har Brødrene Holm A/S også fått industri- og konsumtrålløyve for fartøyet.

# Eksportframstøt for norsk ferskfisk i Sveits

Sveits — sjølv symbolet på rikdom og materiell velstand — dette landet kan bli ein ny marknad for norsk ferskfisk. For kort tid sidan presenterte norsk fisk seg for den sveitsiske marknaden i regi av Norges Eksportråd, Eksportutvalget for ferskfisk og Frio-nor. På dei neste sidene gir «Fiskets Gang» ein del glimt frå denne presentasjonen, og vi ser nærare på dei mulighetene norsk fisk har i Sveits.

Sveits er riktignok ikkje lenger det landet ein gong var. Talet på skjulte bank-konti er kanskje ikkje mindre enn før, men landet sjølv har fått vanskar å stri med. Delar av Sveits sin industri arbeider tungt, særleg klokke- og tekstilindustrien. Ved starten på dette tiåret hadde Sveits sin klokkeindustri 70 prosent av verdsmarknaden, i dag berre 30 prosent. Fleire fabrikkar flyttar produksjonen til Hong Kong, og til



andre lågprisområde. I 1978 gjekk den sveitsiske eksporten av klokker ned med 1 milliard sv.franc. Sveits opplever likevel ikkje så store arbeids-løyseproblem som andre land i Vest-Europa. Ei av årsakene til dette er at gjestearbeidarane er dei første som må slutte, og desse kjem ikkje med i statistikken ettersom dei fleste reiser heim eller til andre land.

Men likefullt er Sveits i dag ein svært kjøpesterk marknad, der norsk fisk kan ta opp konkurransen dersom norske interesser spelar korta sine fornuftig. Ikkje minst, sveitsarane er i stand til å betale høge prisar, dersom kvaliteten er på topp.

Motiv frå Zurich, største byen i Sveits.

SMÅNYTT



## Trålløyve til «Vikheim» og «Håen»

Ved brev av 23. mars har Fiskeridepartementet gitt Magnar Paulsen, Tromsø, uavgrensa trålløyve for T-66-T «Vikheim».

Departementet har også gitt Hasvik Havfiskeselskap A/S, 9595 Sørvær, løyve til å fiska med trål med F-145-HV «Håen» (ex «Br. Småvik»). Trålløyvet for «Håen» gjeld ikkje fiske etter industrifisk i Nordsjøen innanfor området aust av 0-meridianen og sør for 64° n.br.

## Industri- og konsumtrålløyve til «Fiskevær» og «Dyrnesvåg»

Brødrene Holm A/S, 6580 Vestsmøla, har fått løyve til å fiska med trål med M-158-SM «Dyrnesvåg». Løyvet gjeld tråling etter industrifisk sør for 64° n.br., konsumfisk sør for 65° n.br. og tråling etter lodde, kolmule og polartorsk.

Dei same trålløyva har Fiskeridepartementet gitt til Roald Torvanger, 6910 Bremanger, for SF-20-B «Fiskevær».

Ved tildelinga av begge trålløyva har Fiskeridepartementet tatt atterhald om at løyva ikkje gir rett til kvote av Norsk-arktisk torsk nord for 62° n.br.

## Fiskeridirektøren samtykker i at «Toftbuen» skifter eigar

Fiskeridirektøren har gitt samtykke til at Jakob Bastesen, Brønnøysund, tar over eigedomsretten til N-258-BR «Toftbuen».

## Fiskeridirektøren godkjenner nye eigarar av «Prestfjord»

Fiskeridirektøren har gitt Ola Helge Holmøy, Arne Halvorsen og Svein Pedersen, 8430 Myre, løyve til å ta over eigedomsretten til N-445-Ø «Prestfjord».

# Ingen toll, høge prisar og kjøpesterkt publikum møter norsk fisk i Sveits

Særleg gode muligheter for norsk laks og aure

## «FG» i Zurich

Norsk ferskfisk i alpelandet Sveits? Nokså lite truleg, trudde vi, Pølser og kjøtt og kalvelever, men fisk, nei. For å få stadfesta denne teorien nytta «FG»s utsende første høve til å rusle rundt i ein del supermarked i Zurich. Teorien sprakk temmeleg fort. Vi fann ferskfiskavdelingar med eit utval og ein kvalitet som få norske butikkar kan måle seg med. Men rett skal vere rett, norsk ferskfisk var det ikkje. Det meste kjem frå Danmark og Vest-Tyskland.

Til denne tid har norsk ferskfisk markert seg lite i Sveits. Dette skal det rettast på dersom alt går vel. Eit par veker før påske gjorde norske eksportinteresser eit framstøt for norsk ferskfisk nettopp til Sveits. Det var Norges Eksportråd, Eksportutvalget for ferskfisk og Frionor som i samarbeid presenterte norsk ferskfisk for sveitsiske gjestar på Hotel Hilton i Zurich. Blant dei som forsynte seg av det store fiskebordet, anretta av den norske kokken Bjørn Ellimsgaard, var sveitsiske journalistar, representantar for varehus og restaurant-kjeder, og andre spesielt innbedne.

Blant rettane fann vi mellom an-na røykt og kokt laks og aure, gravlaks, torsk, hyse, ål, pigghå, buklappar av pigghå, reker og røykt makrell. Det er ikkje tvil om at fisken fall i smak, men det er nokså langt frå eit vellukka arrangement på Hilton Hotell til ein aukande jamn eksport av norsk ferskfisk til Sveits.

## Kan vi konkurrere?

Kan norsk fisk konkurrere i Sveits? Direktør Max Schmid i Frionor-Sveits, fortel at hans selskap har importert norsk frossenfisk i om lag 30 år, og har i dag ein stor del av marknaden. Importen av frossenfisk var i fjor vel 8 000 tonn, fortel Schmid. I fjor vart det importert eit liknande kvantum ferskfisk. Direktør Schmid vedgår at Sveits har eit kjøpesterkt publikum, men prisnivået er ikkje

uvesentleg. Folk kjøper ikkje fisk uansett, og det er viktig å kunne konkurrere også prismessig.

Sveits er også eit kresent marked, fortel den norske ambassadøren, Erik Colban. Rett nok har sveitsarane mange pengar mellom hendene, men dei krev kvalitets-

produkt, god service og sikre leveransar.

## Høge prisar

Apropos prisar. Ei norsk husmor eller husfar ville nok ta skrekken etter eit besøk ved fiskedisken i eit varehus i Zurich. Røykt grøn-



Eksportkonsulent Turid Aabye Guldbrandsen i Norges Eksportråd byr på norsk røykt laks for sveitsiske gjestar.



Den norske ambassadøren i Sveits kunne presentere følgjande norske representantar; frå v. direktør Odd Steinsbø i Fiskeoppdretternes Salgslag, eksportkonsulent Turid Aabye Guldbrandsen, ferskfisk-eksportør Halvar Lerøy, direktør Johan Muri i Eksportutvalget for ferskfisk og styreformann i Eksportutvalget, disponent Jon Skaar jr.

landslaks kunne koste kr. 240 pr. kg, røykt aure kunne vi få for kr. 140 pr. kg. og Kanada-laks var på utsal for kr. 150 pr. kg. Røykt ål kosta kr. 7,50 pr. hekto, bøklingfilet kr. 3,75, røykte bukklappar kr. 4, alt pr. hg, og røykt makrell kosta normalt kr. 35 pr. kg. Til samanlikning kosta 6 frosne torskfileter

(400 g) kr. 15 og 8 grilllettar (400 g) kosta om lag kr. 14.

#### ingen toll

Positivt sett frå norsk side er at ein slepp å betala toll for import av fisk til Sveits. Dette kombinert med generelt høgt prisnivå skulle gi norsk fisk ein sjanse. Viktigaste

konkurrenten er Danmark. I dag importerer faktisk Danmark fisk frå Noreg og re-eksporterer den, mellom anna til Sveits, opplyser direktør Johan Muri i eksportutvalget for ferskfisk. Muri var ein av dei norske representantane som deltok på arrangementa i Sveits. Utanom Norges Eksportråds representantar deltok også direktør Odd Steinsbø i Fiskeoppdretternes Salgslag, fiske-eksportør Halvar Lerøy og styreformannen i Eksportutvalget for ferskfisk, Jon Skaar jr.

— Ja, vi er imponert over det vi har sett av fisk her i Sveits, men eg er overtydd om at vi har mulig-



Vi har importert norsk fisk i 30 år forteller direktør Schmid i Frionor til den norske ambassadøren i Sveits, Erik Colban (til h.).



Maten smaker. Frå v. Jon Skaar jr., direktør Max Scrmid i Frionor og dr.techn. Neiderhart i det sveitsiske kjø- og fryse-instituttet.





Den norske kokken Bjørn Ellingsgaard kan ha all ære av bordet med delikatesser av eit assortert utval fisk.

heiter dersom vi følgjer opp dei kontaktane vi nå har knytta, seier Jon Skaar. Han peikar på at Sveits kan bli ein god marknad særleg for laks og aure, og for meir spesielle fiskeslag som Norge sjølv ikkje utnyttar i særleg grad. Problemet her er å kunne garantere jamne tilførselar, t.d. av fisk som breiflabb, skate, ål og andre.

#### Sveitsisk gruppe til Noreg

Den som kanskje ser aller lysast på mulighetene for norsk fisk i Sveits er direktør Odd Steinsbø i Fiskeoppdretternes Salgslag.

Steinsbø opplyser at i slutten av juni kjem eit femtital representantar for sveitsisk restaurant- og hotellnæring til Noreg for å sjå på norsk oppdrettsfisk, noko som venteleg kan gi positivt resultat.

Ein runde for å kikke på menyen til restaurantene i Zurich viser tydeleg at Danmark førebels har taket på lakseleveransane. Dansk/grønlandsk laks står på menyen på dei aller fleste «finare» restaurantane. På vår runde kom vi over berre ein som reklamerte med

norsk laks som lunch-rett, for øvrig til kr. 72 pr. porsjon. Leveransar av fisk til restaurant/hotell og cateringverksemdar kan gi særleg gode resultat. Trass i ekstremt høge prisar verkar det som om sveitsarane tar lunch eller middag på restaurant langt oftare enn folk flest.

#### Transporten lar seg løyse

Det vil ikkje by på store problem å transportere norsk ferskfisk til Sveits. Norske eksportørar har i dag eit godt utbygd transportsystem, slik at også Sveits vil kunne få fisken i rimelig tid. Dette vart da også understreka i talen som styreformannen i Eksportutvalget, Jon Skaar, heldt i samband med arrangementet i Zurich. «Også handelen med fisk blir meir og meir global. I dag går norsk ferskfisk med fly både til USA og Japan, og vi håpar at også Sveits snart vil bli ein del av den norske ferskfiskmarknaden», sa Skaar mellom anna.

#### Nasjonalromantikk

Som før nemnt, det er langt frå suksess i restauranten i Hotel Hilton til suksess for norsk ferskfisk blant sveitsarane generelt. Etterarbeidet vil vere umåteleg viktig, det er heilt nødvendig å oppretthalda kontakten med aktuelle importørar og kjøparar i Sveits. Dette har tydeleg nok mangla i samband med liknande arrangement andre stadar. Det er ikkje nok å pynte fisken med norske flagg, midnattsol og ein slump nasjonalromantikk. Dette er gangbart som turistreklame, men ikkje som sakleg informasjon om norske fiskeprodukt.



Direktør Odd Steinsbø i Fiskeoppdretternes Salgslag har all grunn til å være fornøgd. Norsk laks og aure har gode muligheter i Sveits.

SMÅNYTT



## Industri- og konsumtrålløve til «Breivik»

Jakob Herfjord m.fl., 7242 Knarrlagsund, har fått løyve til å fiska med trål med ST-28-HE «Breivik». Løyvet gjeld tråling etter industri-fisk sør for 64° n.br., etter konsum-fisk sør for 65° n.br. og etter lodde, kolmule og polartorsk. Løyvet gjeld og tråling etter stavsild/kvitlaks (argentina silus) sør for 65° n.br.

## Johs. H. Brandal A/S får ikkje reke- og torsketrålløve — men kan få industri- og konsumtrålløve i Nordsjøen

Fiskeridepartementet har avslått ein søknad frå Johs. H. Brandal A/S, 6060 Hareid, om reke- og torsketrålløve for eit 110 fots nybygg. Departementet har derimot gitt Johs. H. Brandal A/S tilbod om industri- og konsumtrålløve i Nordsjøen for nybygget. Dersom Johs. H. Brandal A/S er interessert i slike trålløve for fartøyet, vil firmaet få løyve til å føra nybygget inn i registeret over merkepliktige norske fiskefartøy (Merke-registeret).

## Fiskeridirektøren godkjenner nye eigarar av «Vadsøtrål»

Fiskeridirektøren har gitt samtykke til at Torstein Mosand, Vadsø og Per Ragnar Andersen, Varangerbotn, tar over eigeomsretten til F-184-VS «Vadsøtrål».

## Fiskeridirektøren godkjenner nye eigarar av «Skarsjø»

Fiskeridirektøren har gitt samtykke til at Aksel Eriksen og Ingolf Eriksen, 8320 Skrova, tar over eigeomsretten til N-110-VV «Skarsjø».



## Nytt kombinasjonsfartøy til Karmøy



Håkonsens Mek. Verksted A/S, Skudeneshavn, leverte 11.1.1979 sitt byggenummer 7, «Karmøyfisk», til et partrederi bestående av Guttorm Tjøstvold og Arne Harald Ferksingstad, Vedavågen.

Fartøyet som er prosjektert av West-Consult A/S, Kopervik, er i det vesentligste beregnet på fiske i Nordsjøen med trål, snurrevad, garn og line.

### Hoveddimensjoner og kapasiteter:

Lengde over alt . . . . . 27,30 m  
 Lengde p.p. . . . . . 23,00 m  
 Bredde på spant . . . . . 7,50 m  
 Dybde i riss til hoveddekk 3,92 m  
 Dybde i riss til shelterd. 6,21 m  
 Lastekapasitet ca. 1 900 hl  
 Bunkers 40 m<sup>3</sup>  
 Ferskvann 10 m<sup>3</sup>  
 Bruttotonnasje 169,32 brt.  
 Nettotonnasje 72,90 reg.tonn.

### Klasse:

Fartøyet er bygget til Det norske Veritas + 1A1 — Deep Sea Fishing — og i henhold til de forskjellige regler som er fastlagt for denne type skip.

### Dekksmaskineri:

Det hydrauliske maskineri består bl.a. av 2 stk. 10 tonns splittvinsjer fra Vedavåg Mek. Verksted, snurrevadsvinsj, tautromler for snurrevad, kraftblokk (opphengt akter i

en Hiab kran), kombinert anker/lossevinsj på 7 tonn, toppingsvinsj og bomsvingervinsj, alt levert av Rapp Hydema A/S.

Fartøyet's kuldmaskineri for konsumfiskrom og fryserom er av merket Lemkuhl. Det er også installert en sløyemaskin om bord.

### Hovedmaskineri:

Framdriften besørgeres av en Caterpillar motor på 1 000 bhk v/1225

o/min. som via et PB-reduksjons-gear er koblet til et vribart Heimdalmotor propellanlegg.

### Hjelpemaskineri:

Dette består av 2 Perkins motorer, en på 100 bhk og en på 40 bhk som er koblet til hver sin Stamford generator på henholdsvis 72,5 KVA og 35 KVA.

### Elektronisk utstyr:

Fartøyet er utstyrt med Furunu PPI sonar og 2 radarer, Elac ekkolodd, ekkoselektor, fiskelupe og billedstabilisator, Decca Navigator, autopilot, VHF-peiler, SSB 800 watt radiostasjon, VHF telefon, vaktmottaker, nødpeilesender og kommunikasjonsanlegg.

### Innredning:

Det er lugarplass for i alt 8 mann, men «Karmøyfisk» skal normalt operere med 7 mann om bord. Disse er forlagt i enmanns- og tomanns lugarer og har ellers gode og romslige felles oppholdsrom.

TBM.

## VÅRT VERKSTED ØNSKER

etter store utvidelser velkommen **ALLE FISKERE** langs hele kysten, for ny-montering og reparasjoner av alle typer fiskeredskaper.

Åpent fra kl. 7.00 — 21.00

### Egersund Trålverksted A/S

Postboks 17, 4371 Egersund Tlf. 044 - 91 695 — 91 520

## «Silljo» — avansert snurper/tråler fra Sterkodder Mek. Verksted

M/s «Silljo», bygg nr. 66 ved Sterkodder Mek. Verksted A/s er en snurper/tråler til rederiet Johs. Størksen i Molde.

Fartøyet skal drive trålfiske med flyte-trål og ringnotfiske, produsere fiskemel og fryse med rundfisk.

### Hoveddimensjoner:

Lengde over alt . . . . . 65,00 m  
Lengde mellom p.p. . . . . 56,65 m  
Bredde på spant . . . . . 13,60 m  
Dybde i riss til shelterdekk 8,05 m  
Dyppgang sommer . . . . . 6,00 m

Fartøyet er bygd av stål og har klasse DnV — 1A1 — Ice C — Stern Trawler — Deep Sea Fishing — S. Mannskapsbekvemmeligheter til 22 mann er plassert akterut. Innredningen er av meget høy standard og det er lagt vekt på trivselen om bord. Foruten stor felles messe og dagrom finnes det badstu og trimrom. Samtlige lugarer er enkle. Offiserslugarer er adskilt i salong, soverom, dusj og WC.

Fartøyet har to fryserom med samlet kapasitet 460 m<sup>3</sup> som skal kunne kjøles ned hver for seg og holde en temperatur på ÷ 30° C. Aktenfor disse finnes et melrom på 670 m<sup>3</sup> til lagring av melet som produseres ute på feltet. Fartøyet har 3 RSW tanker med samlet kapasitet på 533 m<sup>3</sup> som dessuten kan brukes til å lagre fiskeolje dersom råstoffet inneholder forholdsvis mye fett. Aktenfor disse ligger 3 bulkasterom med en samlet kapasitet på 583 m<sup>3</sup>. Disse er også beregnet å kunne føre mel dersom det blir nødvendig.

### Maskineri

Skipet har to MAK hovedmotorer. Hver av disse har 6 sylindre i rekke med en ytelse på 2 250 HK ved 600 o/min. Disse er gjennom Tacke reduksjonsgear koplet til en vribar propell med et omdreinings-tall på 220 o/min. På gearet er det koplet to Siemens generatorer med ytelse på 1 020 KVA hver.

Skipets hjelpemaskineri utgjøres av 1 stk. dieselaggregat MWM/Siemens på 761 HK i maskinrom og 1 stk. havne-/nødaggregat på 160 HK forut. Kjele er oljefyrt med kapasitet 5 tonn/time. To Atlas ferskvannsgeneratorer, hver med

kapasitet 12 tonn/døgn sørger for ferskvann til melproduksjon og mannskap.

Kjølemaskineri for RSW er plassert i maskinrom, har kapasitet på ca. 110 tonn sjøvann fra 15 til 0° C i løpet av 4 timer og har automatisk drift. Kjølemaskineri for fryserom og platefrysere er plassert forut. Seks platefrysere sørger for en samlet innfrysingskapasitet på 48 tonn/24 timer.

Melfabrikken skal produsere mel og olje til fôr. Melet blir lagret i form av pellets og fordelt til melrom og bulkrom ved hjelp av trykkluft. Fabrikken har en nominell kapasitet på 150 tonn/24 timer.

En hydraulisk drevet råstoffpumpe sørger for tilførsel fra samtlige tanker til fabrikken om bord og kan også klare levering til land. Man er således avhengig av losning med hov eller grabb ved mottaksanlegget. Lossingen styres fra bro. Pumpen har en kapasitet på 50—200 tonn råstoff/time.

To snurpevinsjer og ankerspill står i felles hus på bakken. Trål-

vinsjene står akterut sammen med nettrømmelen.

Det er her benyttet Norwinch lavtrykkshydraulikk. Notrull og transportruller er høytrykkshydraulisk drevne og av fabrikat Triplex.

Hydraulisk dekkskran Maritime Hydraulics som løfter 6 tonn på 12 m arm betjener samtlige lasterom. Det finnes ytterligere 2 stk. hydrauliske Hiab-kraner om bord. En er plassert på trålgalgen akterut og en er plassert like forenfor styrehuset.

Fartøyet er utstyrt med 2 stk. elektrisk drevne sidethrustere av fabrikat Brunvoll, en forut og en akterut, hver med en ytelse på 600 HK.

### Navigasjonsutstyr

Fartøyet har 3 stk. radarer, 3 stk. sonarer, 2 stk. ekkolodd og 2 stk. trålsondevinsjer. Øvrig utstyr som kan nevnes er: Værkartskriver, VHF-peiler, radiopeiler, Loran C, anemometer, satellitnavigator, fyllingsindikator med radiosender, econometer.

Av radioutstyr finnes: Radiostasjon, sender/mottaker 1 200 w, 2 stk. VHF sendere/mottakere, SSB mottaker, automatisk telefonivakt, walkie/talkie.

## Storvik-tråler til Island

Dersom alt går etter planen, overleverer Storvik Mek. Verksted A/S i Kristiansund hekktråleren «Talknfirdingur» til islandske eiere 31. mars, FG er i produksjon.

M/tr «Talknfirdingur» er byggenummer 86 ved Storvik Mek. Verksted A/S, Kristiansund N.

Skipet er bygget for Hradfrystihus Talknfjardar H. F. Island, og er bygget som ren hekktråler til Det norske Veritas klasse + 1A1 — «Hekktråler is C» og tilfredsstillende krav til fiske i fjerne farvann.

### Hoveddimensjoner

Lengde over alt . . . . . 46,45 m  
Lengde mellom p.p. . . . . 40,15 m  
Bredde på spant . . . . . 9,40 m  
Dybde i riss til tråldekk 6,50 m  
Brutto tonnasje . . . . . ca. 350 brt

Skipet har 2 gjennomgående dekk, lukket bakk, foroverhellende forstevn spesielt konstruert under vannlinjen.

Skipet er helsveist og bygget

med tverrskipsspant over hele lengden.

Dobbeltbunn tanker forenfor maskinrom er for brennolje. Forpeak og akterpeak er for ferskvann.

Sidetanker i maskin er for smøreolje og hydraulisk olje.

Lasterom for fisk er arrangert midtskips under hoveddekk og består av 1 stk. kjølerom på ca. 350 m<sup>3</sup>, isolert for 0° C.

Aktenfor arbeidsdekket er plassert to velutstyrte verkstedrom.

Aktenfor innredning på hoveddekk er innrettet arbeidsrom for behandling av fisk med mottaks- og blødebinger, fiskvaskemaskin, samt nødvendige hydraulisk opererte transportbånd. På arbeidsdekket er det plassert 2 stk. ismaskiner med samlet kapasitet på ca. 12 t/døgn.

I hekken er det to tanker for lever.

For arbeide med trål og trålstyr er det på tråldekket akter montert trålgalge og A-mast og i for-

kant av trålekket en gilsonmast. På skanseledningsdekket er det montert en hydraulisk dekkskran, 2,7 tonn på 10 m arm.

Allt dekksmaskineri er hydraulisk drevet via påhengte pumper på hovedmotorens forkantgear og betstår av 2 stk. 15 tonns trålvinsjer, 2 stk. 6 tonns sveipevinsjer, 2 stk. 6 tonns gilsonvinsjer, 2 stk. 3 tonns snotlevinsjer, 1 stk. 3 tonns uthalervinsj, ankervinsj og 2 stk. 3 tonns sekketømmingsvinsjer. «Synchro 1000» kontrollsystem er montert, samt strekk og lengdemålere.

Redningsmateriellet består av 1 stk. Zodiac gummiått type Mark II på båtdekk, 1 stk. 16 mann's og 1 stk. 8 mann's oppblåsbare redningsflåter samt redningsvester og livbøyer etter klassens krav for 16 mann.

Innrødning for offiserer og mannskap består av 1- og 2-mann's lugarar plassert forut på trålekk. Bysse, messe, proviantrom, tørkerom og vaskerom er plassert forut på hoveddekk.

Til tak, skott og møbler er det overalt benyttet plastlaminerte sponplater. Til listing av innrødning og møbler benyttes hårdved.

Skipet er utstyrt med de mest moderne navigasjonsinstrumenter og fiskeletingsutstyr som bl.a. består av 2 stk. radar, gyrokompass, selvstyring, peiler, radiotelefoni, vaktmottaker, ekkolodd og fiskelupe.

#### Wichmann hovedmotor

Hovedmotoren er av fabr. Wichmann type 6AX dieselmotor og utvikler 1 800 HK ved 375 o/min. Motoren er direkte tilkoblet «Hjelset» vripropelleranlegg med dyse.

For produksjon av elektrisk kraft er det installert 2 stk. Mercedes type OM404A dieselmotor, hver motor er tilkoblet 1 stk. Markon generator type B604 som hver utvikler 240 kva.

Styremaskin er av fabr. Tennfjord.

Forkantgear er fabr. Hytek, med uttak for drift av 4 stk. hydr. pumper av fabr. Hydraulik Brattvåg.

Samtlige pumper er elektrisk drevet, fabr. Frank Mohn.

Akter i maskinrommet er det plassert et kontrollrom med en del overvåkingsinstrumenter.

## SMÅNYTT



### Tilskot til prøvefiske etter pigghå

Linebåten «Brimøy» har fått eit driftstilskot på inntil kr. 50 000 for prøvefiske etter pigghå nord og vest av Irland i i alt 20 dager. Det er ein føresetnad at fisket vart sett i gang straks løyvet vart gitt og at det vert rapportert til Fiskerisjefen i Sogn og Fjordane.

### «Silljo» får trål- og ringnotløyve

M/s «Silljo» A/S ved Johs. Størksen, Molde, har fått løyve til å drive trålfiske etter lodde og polartorsk, og etter kolmule i områda vest av 0-meridianen og aust for 0-meridianen nord for 64 grader. Det er også gitt løyve til å drive ringnotfiske etter sild, makrell, lodde og brisling. Lastekapasiteten er fastsett til 10 800 hl, og av dette kan 4 400 hl nyttast til lausført råstoff. Dessutan har Fiskeridepartementet fastsett fartøyet sin mjølproduksjon til maksimum 40 tonn pr. døgn.

### «Johan Hjort» på tokt etter påske

Like over påske går «Johan Hjort» ut på nytt tokt. Dette toktet er ei vidareføring av toktet med «G. O. Sars» for påske. Blant oppgåvene er kartlegging av mengde og utbreiing av sildeyngel langs kysten frå Karmøy til Vesterålen. Dessutan blir det miljøgranskingar på faste snitt, og hydrografiske granskingar på Svinøysnitte og Fedje—Shetland. Også i Røstområdet skal det gjennomførast hydrografiske granskingar i samband med prosjektet «Torskellarvens første næringsopptak».

### Fiskeridirektøren har godkjent nye parthavarar i «Måsholm»

Fiskeridirektøren har gitt sitt samtykke til at Karl og Egil Husa, 5133 Fedje, tar over eigeomsretten til 1/5 part i H-15-FE «Måsholm».

### «Walter Herwig» på tokt i norske farvatn i sommar

Fiskeridirektøren har ingen innvendingar mot at det vesttyske havforskningsfartøyet «Walter Herwig» driv granskingar i norske farvatn i sommar. Det er planlagt eit tokt til Svalbard, Bjørnøya, Jan Mayen og i norsk fastlandssone utanfor 12 nautiske mil i tida 10. juni—15. august.

### J. M. Johansen A/S får godkjent tilvirkingsanlegg i Henningsvær

Eit tilvirkingsanlegg J. M. Johansen A/S i Stamsund leiger av Lars Larsen i Henningsvær, er godkjent av Fiskeridirektøren som tilvirkingsanlegg og gitt registreringsnummeret N-593. Godkjenninga gjeld pakking av fersk fisk og tilvirkning av saltfisk/tørrfisk.

### Kvalheim & Co. A/S får lån til ismaskin

Etter tilråding frå Fiskeridirektøren, har Fiskeridepartementet gitt firma Kvalheim & Co. A/S, Måløy, et lån på kr. 150 000 til delvis finansiering av ismaskin. Lånet skal betalast attende over ti år.

### Fiskeridepartementet har godkjent nye parthavarar i «Helganes»

Fiskeridepartementet har gitt løyve til at Rudolf, Rolf og Torstein Rasmussen, Vedavågen får ta over 3/4 partar i R-115-K «Helganes» og at dei får driva industritråling med fartøyet på det industritrålløyvet fartøyet blir drive på nå.

### «Michael Sars» på kolmuletokt i april

Det nye havforskningsfartøyet «Michael Sars» går frå Bergen 18. april, like over påske, for å kartlegge kolmuleressursane vest av Storbritannia og nordover mot Shetland og Færøyane. O. Martinsen, T. Monstad, Ø. Tangen og ein eller to instrumentoperatørar blir med på toktet som blir avslutta 5. mai.



## Britisk fiske 1978:

### Kvantumet opp – Førstehandsverdet ned

Britiske fiskerfartøy leverte 960 072 tonn fisk og sjødyr i britiske hamner i 1978, opplyser «Fishing News». De er 5 prosent meir enn landingane i 1977. Men førstehandsverdet av fangstane gjekk ned med 2,5 prosent frå 1977 til 1978, til £ 257,6 millionar.

Makrell var det viktigaste fiskeslaget i 1978 i kvantum. Britiske fiskarar leverte 313 461 tonn til eit verdi av £ 30 millionar. Makrellfangsten gjekk opp med 67,8 prosent frå 186 765 tonn verd £ 14,7 millionar i 1977. Førstehandsverdet auka med 21,5 prosent i gjennomsnitt pr. tonn.

Rekna etter førstehandsverdet var torsk framleis det viktigaste fiskeslaget med 132 636 tonn, verd £ 71 millionar. Men landingane av torsk var 10 prosent større i 1977; 147 699 tonn, verd £ 77 millionar.


Bortsett frå sild, som det berre var lovleg å fiska små mengder av i 1978, var det størst nedgang i hysefisket. Britiske fiskarar tok 81 837 tonn eller 31,8 prosent mindre i 1978 enn året før. Men førstehandsverdet gjekk likevel opp med 22,6 prosent.

Fangstane av skaldyr gjekk ned med 12 prosent i vekt til 68 101 tonn, men førstehandsverdet gjekk opp med 42,5

prosent i gjennomsnitt pr. tonn.

I denne tabellen som er henta frå «Fishing News», finn du dei mest in-

teressante tala om fisk levert av britiske fartøy i britiske hamner i 1977 og 1978:



Dei britiske fiskarane leverte meir enn dobbelt så mykje makrell i 1978 som året før. Landningane gjekk opp med 67,8 prosent frå 186 765 tonn i 1977 til 313 461 tonn i 1978. Fotoet viser ringnotsnurparen «Flowing Tide» så vidt «flowing» inn i havn, søkklasta med makrell.

	Kvantum i tonn	1977		Kvantum i tonn	1978		Endring frå 1977 til 1978 i prosent	
		Verde i 1000 £	£/tonn		Verde 1000 £	£/tonn	Kvantum	£/tonn
<b>Botnfisk:</b>								
Torsk .....	147,699	76,966	521	132,636	70,983	535	-10.2	+ 2.7
Hyse .....	122,938	47,889	390	83,817	40,077	478	-31.8	+22.6
Kviting .....	50,018	13,741	275	56,867	16,430	289	+13.7	+ 5.1
Sei .....	35,541	9,828	277	32,195	8,927	277	- 9.4	-
Flyndre .....	35,724	14,927	418	32,298	16,229	502	- 9.6	+20.1
Pigghå .....	17,168	3,321	193	17,018	4,155	244	- 0.9	+26.4
Øyepål .....	7,438	280	38	5,808	198	34	-21.9	-10.5
Tobis .....	26,126	1,005	38	34,444	1,064	31	+31.8	-18.4
Andre fiskeslag .....	56,659	23,297	411	45,423	23,752	523	-19.8	+27.3
Totalt .....	499,311	191,254	383	440,506	181,815	413	-11.8	+ 7.8
<b>Pelagisk fisk:</b>								
Sild .....	43,049	12,872	299	16,157	5,959	369	-62.5	+23.4
Brisling .....	97,020	5,024	52	108,149	5,153	48	+11.5	- 7.7
Makrell .....	186,765	14,662	79	313,461	30,008	96	+67.8	+21.5
Andre fiskeslag .....	12,551	811	65	13,698	975	71	+ 9.1	+ 9.2
Totalt .....	339,385	33,369	98	451,465	42,095	93	+33.0	- 5.1
Skalldyr .....	77,632	27,019	348	68,101	33,756	496	-12.3	+42.5
Totalt .....	916,328	251,642	275	960,072	257,666	268	+ 4.8	- 2.5

Tar Mr. Meek sikte på å bli britisk fiskeridirektør?

## Vil innføra og administrera lisensordning for britiske fiskefartøy

Den britiske fiskeflåten aukar nå fangstkapasiteten så fort at han går undergangen i møte, hevda Mr C. I. Meek, leiar for White Fish Authority, på ein pressekonferanse i London for ei tid sidan. Snart vil der vera så mange båtar i høve til den fisken som kan haustast frå havet, at ingen vil vera i stand til å leva av fisket lenger, sa Mr Meek vidare, etter det referatet «Fishing News» har gitt frå pressekonferansen.

Mr Meek hevda at eit lisenssystem er det einaste som kan få kontroll med situasjonen, sjølv om det vil vera vanskeleg både å laga og administrera eit slikt system. Han streka under at White Fish Authority er det organet som er best i stand til å gjera denne jobben, og viste til at innføring av eit lisenssystem vil krevja nært samarbeid med fiskarar og fiskebåtreiarlag og la til at på det feltet har WFA 25 års reynsle.

### Lisensier alle fartøy i fiske eller under bygging!

Mr Meek tok til orde for at alle britiske fiskefartøy som nå er i fiske eller som er kontraherte, må lisensierast straks som eit første steg på vegen mot ei avgrensande lisensordning. Ein annan måte å gjera det på, meinte Mr Meek, er å overtala den britiske fiskeriministeren John Silkin til å seia klart frå om at regjeringa tar sikte på å innføra ei lisensordning fordi regjeringa ser med otte på den utvidinga av flåten som går føre seg nå.

### Mange nye fartøy frå utlandet

Sjølv om WFA har slutta med å gi tilskot til bygging av fiskefartøy, auka den britiske fiskeflåten med 80 nye og bruktinntørde fartøy det siste året. Fiskarar og fiskebåtreiarar kjøpte heim nye og brukte fartøy finansiert gjennom billege lån i seljarlandet. Det var den britiske verftsindustrien, utstyrproducentane og dei britiske fiskeresursane som tapte på denne utviklinga, hevda Mr Meek. Han peika spesielt på at den britiske ringnotflåten hadde auka frå 27 til 40 fartøy det siste året, og at 20 nye fartøy dessutan var under bygging.

### WFA har ikkje pengar til tilskot for nye fiskefartøy

Det kom seinare fram at WFA ikkje har pengar å gi fiskarane i stønad til bygging av nye fiskefartøy i 1979—80, og dette såg Mr Meek som negativt trass i at han altså vil leggja band på utbygginga av flåten. Poenget er vel at han meinte britiske fiskarar skaffar seg båtar frå utlandet fordi WFA ikkje har pengar å gi i tilskot til britiskbygde fiskefartøy. Mr Meek fortalde at WFA, på grunn av pengemangel, hadde vore nøydd til å gi avslag på søknadar om stønad til gjennomarbeidde og velfunderte prosjekt som dei meir enn gjerne hadde sett realiserte.

### Det som er rasjonelt for ein fiskar, kan verka motsett når alle gjer det

Mr Meek la stor vekt på å få fram at det ikkje var utbygginga av ringnotflåten han spesielt var ute etter å «ta». Men han la til at med den kolossale

fangstkapasiteten desse fartøya har, må utviklinga av denne flåten stogga til situasjonen er under kontroll. Mr Meek streka ellers under at han ikkje hevda at dei som kjøpte fartøy i utlandet gjorde noko galt. Dei gjer det på fullt lovleg vis, og av to årsaker, meinte han; 1. at WFA ikkje har pengar å gi til stønad for bygging ved britiske verft og 2. at alle er klare over at styresmaktene snart må innføra strengare kontroll med utviklinga i fiskerinæringa ved tiltak som m.a. fartøylisensiering, og derfor satsar nå medan det framleis er høve til det.

«Det er naturleg og forståeleg det dei gjer», sa Mr Meek, «og sett kvar for seg handlar dei sikkert økonomisk rett. Men for dei av oss som har som oppgåve å passa på at det går godt for heile fiskerinæringa, kan det ikkje vera tvil om at den kraftige utvidinga av fiskeflåten ikkje er ønskeleg».



Nybygde og brukte fartøy frå Noreg har gjort at den britiske ringnotflåten har auka sterkt i det siste. Fotoet viser «St. Loman» av Hull under bygging ved Flekkefjord Slip og Maskinfabrikk. Båten som er ei større utgåve av «Møgsterfjord» er nå overtatt av dei britisk/dansk/norske eigarane og registrert i Hull. «St. Loman» er 68,08 m lang og 1 192 bruttotonn. Svein Ulsund frå Egersund er skipper om bord. (Foto: Thor B. Melhus)



Pressemelding fra Finnmark Fiskarlag:

## Styret i Finnmark Fiskarlag mot prøveboring i nord i 1980

På styremøte i Finnmark Fiskarlag 24. og 25. mars gjorde styret dette vedtaket om prøveboring etter olje utenfor Nord-Norge: (Styret har sendt vedtaket til FG, og vi finner det riktig å gjengi det uavkortet).

Styret i Finnmark Fiskarlag har behandlet St.meld. nr. 57 (78—79), Petroleumsundersøkelser nord for 62° N.

På Finnmark Fiskarlags årsmøte i sak 8/77, krevde fiskerne i Finnmark at følgende forhold måtte avklares før en igangsatte oljevirk-somhet:

- de sikkerhetsmessige tiltak må være tilstrekkelig klarlagt og under full kontroll,
- en må intensivere forskningen angående oljevirk-somhetens inngrep på selve livet i havet,
- myndighetene må sikre eksistensgrunnlaget for fiskevær som blir berørt av oljevirk-somheten,
- myndighetene må nøye overveie om bosettingsmønsteret kan opprettholdes ved en utvidet oljeaktivitet i nord.

Med bakgrunn i dette og tidligere årsmøtevedtak, og etter en grundig vurdering av St.meld. nr. 57 (78—79), vil styret i Finnmark Fiskarlag gå imot start av prøveboring etter olje utenfor Nord-Norge allerede i 1980.

Innledningsvis vil styret bemerke at selv om det er Stortinget som skal avgjøre når et eventuelt oljefunn skal byggast ut, så er styret overbevist om at det i realiteten ikke vil være politisk mulig å stanse en videre utbygging av olje-produksjonen utenfor Nord-Norge. I så henseende vil interessene til lokale, nasjonale og internasjonale politiske og økonomiske grupperinger bli avgjørende.

Styret i Finnmark Fiskarlag vil

videre i utgangspunktet anføre at meldingen klart slår fast at det i hovedsak er et politisk spørsmål om utvinning av olje utenfor Nord-Norge kan drives innenfor et risikonivå som er akseptabelt, og at dette kan forsvares ut fra en helhetsvurdering.

Styret i Finnmark Fiskarlag mener at i en slik helhetsvurdering er fiskernes og fiskerinæringens problemer i forbindelse med en oljeutvinning, vist for liten oppmerksomhet.

1. Når det gjelder de sikkerhetsmessige vurderinger basert på geologiske undersøkelser, krav til operatørene angående sikkerhetsprosedyrer og beredskapsplaner så oppfatter styret det slik at det har skjedd visse forbedringer. Men styret er av den oppfatning at disse forbedringer ikke veier opp de mange usikkerhetsfaktorer som er til stede.

En kan i denne forbindelse nevne:

- planleggingen i forbindelse med boreoperasjoner er forbundet med store usikkerhetsmomenter p.g.a.
  - geologisk jomfruelige områder og de geologiske tolkninger skal delvis gjøres av utenlandske selskaper og er konfidensielle,
  - vær, vind- og strømforhold,
  - liten erfaring med boring av så dype hull som det her er tale om,
  - klima- og værobservasjoner har foregått over for kort tid.

På bakgrunn av fiskernes mangeårige erfaringer angående vind, bølgehøyder, ising og mørketid, kan forholdene ikke sammenlignes med Nordsjøen.

2. Trass i at en teoretisk har utviklet beredskapsplaner og dessuten satset på hittil utviklet oljevernustyr, mener styret i Finnmark Fiskarlag at dette på langt nær er forsvarlig og tilstrekkelig. Dette på grunn av:

- boring av avlastningsbrønn ved en ukontrollert utblåsing er den eneste sikre metoden å stanse utblåsing. Tidsintervallen fra utblåsing og til avlastningsbrønn er boret er høyst usikker fra 60—240 dager.

- lense-systemene og opptakningsfartøyenes effektivitet er langt fra tilfredsstillende da en allerede ved bølger opp til 1,5 m (signifikant) får redusert effekt.

3. Når det gjelder konflikten mellom olje og fiskerinæringen vil styret i Finnmark Fiskarlag si seg fornøyd med de tiltak som blir satt i verk angående forsøpling av havbunnen, men en må forvente at oppfisket kvantum i områder med oljeboring blir redusert. Dette er å beklage.

Angående overgang av arbeidskraft fra fiske til oljevirk-somheten, er det styrets oppfatning at en utvidet oljevirk-somhet i Nord-Norge vil gi langt større utslag enn forholdet var i Nordsjøen.

Dette kan begrunnes med:

- 3/4 av fiskerne i landet bor i Nord-Norge og deres inntekter er lavere enn inntektene til fiskerne ellers i landet iflg. St.meld. nr. 57 (s. 72).
- gjennomsnittsalderen er synkende for fiskere i Finnmark, spesielt i Vest-Finnmark, og under alle omstendigheter vil en få problemer med nyrekrutering,
- en serviceundersøkelse for fiskeflåten viser stor mangel på servicetilbud i Finnmark. Dette skyldes i stor grad mangel på faglært arbeidskraft. Ved en økende oljevirk-somhet er det å frykte at dette forhold vil forsterke seg. Det samme vil gjelde for nøkkelpersonell i fiskeindustrien,
- p.g.a. dette må en regne med fiskebåter i perioder fortrenget fra verkstedene og at en får et betydelig høyere kostnadsnivå.

4. Virkningene på livet i havet ved oljesøl er etter styrets oppfatning altfor lite utredet, spesielt oljesøl/utblåsing, sett i forhold til at en befinner seg i et av verdens rikeste oppvekstområder for mange fiskeslag.

Dette er forhold som bør tilsi den aller største forsiktighet og styret i Finnmark Fiskarlag legger avgjørende vekt på dette i spørsmål om tidspunkt for oppstart.

Regjeringen har stilt 35 mill kroner til disposisjon årlig for fiskerier næringen som kompensasjon for den sjenanse oljevirksomheten påfører næringen.

Ved en eventuell oljeutvinning i framtiden er det styrets oppfatning at dette beløp er for lite. Før en eventuell oljeutvinning må en treffe tiltak som vil styrke primærnæringen og som vil kreve langt høyere beløp. I denne sammenheng tiltales som:

1. Fornyelse av flåten.

I Finnmark ligger gjennomsnittsalderen på over 20 år for den mellomstore helårsdrevne flåten.

2. Opprustning av servicetilbudene for fiskere. Herunder etablering av serviceanlegg med egne sentraler, redskapslager etc., noe som i dagens situasjon er meget dårlig.

3. Et større og variert utdanningstilbud til ungdom innenfor fiske og fangst, fisketilvirkning såvel som innenfor servicevirksomheten for fiskerier næringen.

Videregående yrkesutdanning må kunne avsluttes innen de enkelte fylker.

## Rangvald Amundsen får nybygg registrert i merkeregisteret

Fiskeridirektøren har gitt Rangvald Amundsen, Vardø, løyve til å føra eit nybygg på 17,68 meter lengste lengd inn i merkeregisteret. Løyvet fell bort dersom fartøyet ikkje er kontrahert og under bygging innan to år.

## Tilskot til automatisk notlegging om bord i «Goltastein»

Fiskeridepartementet har gitt samtykke til at det blir brukt inntil kr. 120 000 av effektiviseringsmidlene som tilskot til montering og vidareprøving av automatisk notlegging om bord i ringnotsnurparen O-1-O «Goltastein». Det er ein føresetnad for tilskøtet at FTFI, Fiskeriteknologisk Forskningsinstitutt, styrer prosjektet.

## Forskning presentert på ny måte

Då norske havforskarar før helga sette kursen for Woods Hole, Massachusetts, USA og konferansen «Early life history of fish» hadde dei førebudd meir enn tjukke manuskript. Dei hadde med seg store plakatar til å henga på veggene i møtesalen, slik at utanlandske kolleger og andre framømte ikkje berre skal få høyra, men og sjå framstilt dei resultat og metodane dei norske forskarane er bedne til konferansen for å gjera greie for. Og dei norske havforskarane skal gjera greie for den pionerinnsetning dei har gjort for å koma fram til nye metodar for korleis ein skal finna ut kva det er som verkar inn på dei sjansane ein torskeyngel har til å veksa opp dei første dagane av livet sitt. Det siste er først og framst eit spørsmål om kor store konsentrasjonane av visse næringsdyr er — og været, og for

å koma fram til dette, har forskarane pumpa opp yngel med fiskepumpe frå visse havdjup. Men det skal vi koma attende til i FG når forskarane kjem att frå USA.

Det er Solemdal, Tilsteth, Sundby, Ellertsen, og Vestgård som er med på konferansen frå Havforskningsinstituttet. Frå Norges Fiskerihøgskole, Bergen, er Dragesund og Gjøseter med og frå Fiskeriteknologisk Forskningsinstitutt, Bergen, møter Øyestad.

Konferansen varer frå 2.—5. april, og forskarane skal ha plakataner, som er laga i samarbeid med profesjonelle reklamefolk, med seg heim att. Det er tanken å stilla plakataner ut i vestibulen på Havforskningsinstituttet, og ideen har alt vore lufta om å ta dei med på Fiskeridirektoratet sin stand på Tromsømessi i august.

## Kr 5000.— i bot for «Zeehaan»

Han slapp utruleg billeg frå møtet med Hordaland Politikammer, skipparen på den nederlandske trålar YM-57 «Zeehaan». «Zeehaan» fekk gå frå Bergen etter å ha betalt ei bot på kr. 5 000. Trålar vart arrestert av kystvaktfartøyet «Volstad junior» i Nordsjøen i førre veka for å ha fiska med dobbelt nett på oversida av trålposen. Ved ein tidlegare inspeksjon hadde «Zeehaan» fått skriftleg åtvaring frå Kystvakta.

Før jul vart trålar vart meld til politiet for å ha taua over reiskapen til ein Karmøy-trålar på Jærens Rev. Etter det FG kjenner til, drog «Zeehaan» rundt med det norske fiskefartøyet i 1½ time ved det høvet. Det sto eit krav på «Zeehaan» på kr. 50 000 for øydelagd norsk reiskap i den episoden. Men dette vart «Zeehaan» underleg nok ikkje konfrontert med. Ein «glipp» på fagspråket?

Men «Zeehaan» er ikkje ferdig med dei norske styresmaktenes. Kontorsjef Torben Foss i Fiskeridirektoratet opplyser at spørsmålet om å ta frå «Zeehaan» lisensen til å fiska i norsk 200-milssone, vil bli vurdert nøye straks direktoratet får papira i saka frå politiet.

Den danske trålar «Connie Dam» av Thyborøn, som vart arrestert for å ha fiska med firedoble trålposar i Nordsjøen i januar, får ikkje fiska i norsk sone att før etter 1. juli. Dessutan fekk skipparen om bord bot og inndraging av langt andre summar enn det skipparen på «Zeehaan» slapp unna med. Men ein bør vel streka under at dei to sakene ellers ikkje toler å bli samanlikna.

## A/s Bolaks godkjend for pakking og frysing av ferskfisk

Fiskeridirektøren har godkjent anlegget til A/S Bolaks, 5640 Eike-landsosen, for pakking og frysing av ferskfisk. Anlegget er derfor ført inn i registeret over godkjende tilvirkingsanlegg.

Det er rekna ut at anlegget har desse kapasitetane:

Fryselagervolum 62 m<sup>3</sup>, Kjølslager 18 m<sup>3</sup>, Luftfrysar 13 m<sup>3</sup>, Isproduksjon 1,5 tonn pr. døger og kompressorkapasitet på 44 500 N Kcal/h. Nedfrysingskapasiteten blir avgrensa til 1,7 tonn pr. døger.





J. 49/79

## MIDLERTIDIGE FORSKRIFTER OM ADGANGEN TIL Å DRIVE TRÅLFISKE ETTER REKER

Ved kgl. res. av 2. og 16. mars 1979 er det gjort følgende endring i midlertidige forskrifter av 23. juni 1978 om adgangen til å drive trålfiske etter reker.

### § 2 skal lyde:

Uten tillatelse av Fiskeridepartementet må ingen drive trålfiske etter reker med fartøy på 65 fot (19,8 m) lengste lengde eller mer eller med fartøy på 50 brt eller mer.

Denne bestemmelse kommer ikke til anvendelse på fartøyer på 65 fot (19,8 m) lengste lengde eller mer, men under 50 brt som er bygget eller påbegynt bygget før 1. mars 1979.

Denne forskrift trer i kraft straks.

Etter dette får forskriftene følgende ordlyd:

Midlertidige forskrifter om adgangen til å drive trålfiske etter reker fastsatt ved kgl. res. av 23. juni 1978, med endring av 2. og 16. mars 1979, i medhold av §§ 3, 6 og 8 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltakelsen i fisket.

### § 1.

#### Formål.

Disse forskrifter regulerer erverv og ombygging av fartøyer som nyttes til fiske med trål etter reker. Målsettingen med reguleringen er å:

1. Tilpasse flåtens fangstkapasitet til ressursgrunnlaget og
2. oppnå en distriktsmessig heldig fordeling av flåten hvor det tas hensyn til råstoffbehovet ved anleggene i land for å opprettholde og trygge det ønskelige bosettingsmønster.

### § 2.

#### Fartøyer som må ha tillatelse.

Uten tillatelse av Fiskeridepartementet må ingen drive trålfiske etter reker med fartøy på 65 fot (19,8 m) lengste lengde eller mer eller med fartøy på 50 brt eller mer.

Denne bestemmelse kommer ikke til anvendelse på fartøyer på 65 fot (19,8 m) lengste lengde eller mer, men under 50 brt som er bygget eller påbegynt bygget før 1. mars 1979.

### § 3.

#### Tildeling av reke-trållatelse.

Det skal ikke gis flere tillatelser til å drive fiske med trål for frysing av reker om bord.

Når det anses forsvarlig av hensyn til ressurs-situasjonen, kan det gis tillatelse til å drive fiske med trål etter reker med fartøy som ikke fryser reker om bord.

Tillatelsen kan ikke gis til andre enn aktive fiskere som selv skal drive rekefiske.

Ingen kan gis tillatelse til å drive rekefiske med flere enn ett fartøy.

Det skal legges vekt på å fremme en rimelig geografisk fordeling av tillatelsene. Særlig hensyn skal tas til distrikter som fra før av har få tillatelser og til distrikter med svakt eller ensidig næringsgrunnlag.

Søkere som ikke kan skaffe seg et tilfredsstillende driftsgrunnlag uten adgang til rekefiske skal prioriteres. Hvor ikke særlige hensyn taler for en annen løsning, skal samme fartøy ikke få tillatelse både til torsketrål og reke-trål.

Under ellers like forhold kan det legges vekt på om søkeren tidligere har drevet rekefiske.

Unntak fra bestemmelsene i denne paragraf kan gjøres for fartøyer som er kommet i en vanskelig situasjon som følge av at fisket på fjerne farvann må reduseres. Slikt unntak kan også gjøres for utprøving av maskineriet i et fartøy med fryseanlegg.

### § 4.

#### Samlet vurdering av søknader.

Søknadene om tillatelse vurderes samlet en gang i året. For å bli behandlet i inneværende år må søknad være innsendt innen den frist Fiskeridepartementet fastsetter.

### § 5.

#### Utskifting av reke-trålere uten fryserom.

Eier som trekker fartøy ut av rekefiske kan få tillatelse til å drive rekefiske med annet fartøy når vilkårene i § 3, tredje ledd, er oppfylt og fartøyet ikke representerer en betydelig kapasitetsøkning. Denne bestemmelse kommer også til anvendelse ved forlis.

### § 6.

#### Overdraging av reke-trålere uten fryserom.

§ 3, tredje, fjerde, femte, sjette og sjuende ledd får anvendelse ved tildeling av tillatelse til ny eier for fortsatt drift med fartøy som er i reke-trålfisket.

### § 7.

#### Utskifting av rekefrysetrålere.

Det skal ikke gis tillatelse til å skifte ut rekefrysetrålere med annet fartøy. Slik tillatelse kan gis, når ressurs-situasjonen er så vesentlig endret at det er forsvarlig å gi tillatelse.

### § 8.

#### Overdraging av rekefrysetrålere.

Kjøper av rekefrysetrålere kan få tillatelse til å drive rekefiske med fartøyet når distriktsmessige hensyn ikke taler mot at tillatelse gis.

### § 9.

#### Innredning av fryserom.

Fryserom må ikke installeres eller utvides i reke-tråleren uten tillatelse av Fiskeridepartementet.

Fryserom som skal nyttes i andre fiskerier kan innredes på vilkår av at rommene ikke nyttes til frysing av reker.

Unntak fra første ledd kan gjøres for fartøyer som er kommet i vanskeligheter som følge av at fisket på fjerne farvann må reduseres.

### § 10.

#### Inndragning av tillatelse.

Reke-trållatelse som i et sammenhengende tidsrom av minst 2 år ikke er benyttet, kan inndras.

### § 11.

#### Ikrafttredelse.

Disse forskrifter trer i kraft straks.

Samtidig oppheves forskrifter av 19. januar 1973 om adgangen til å drive trålfiske etter reker.

## WISNESS & CO. LTD.

Albert Edward Dock,  
NORTH SHIELDS NE 29 6EA

Import norske fiskeprodukter

Fryse- og kjølelager

T'gr. Norewis - Telex 53112  
Tel. North Shields 71416



## Torrymeter til Sveits og Kina

Torrymeteret, det britiske apparatet som måler kor fersk fisken er, er seld til både Sveits og Kina i det siste, skriv «Fish Trader». For dei som lurar på kva sveitsarane skal med eit slikt apparat, opplyser bladet at dei driv eit bra fiske på innsjøane sine, og truleg testar innsjøfisken sin på alle baugar og kantar — med ti Torrymeter! Kinesarane har på si side kjøpt eitt apparat som nå blir finstudert i Peking eller Beijing som det vel heter.

«Fish Trader» kan ellers opplysa at det er selt Torrymeter til Japan, USA, Kanada, Australia, dei fleste land i Europa og — Salomonøyane!

## 1978 rekordår for argentinsk fiske

Landingane av fisk i Argentina har auka sterkt dei siste tre åra, og sette ny rekord i 1978 med 480 000 tonn. Det er 30 prosent meir enn året før. Eksporten auka også sterkt. Det vart utført 190 000 tonn til ein verdi av \$ 145 millionar i 1978, mot 151 000 tonn verd \$ 80 millionar i 1977. Mesteparten av fangstauken kom i farvatna utanfor det sørlege Argentina, slik at Mar del Plata, den store fiskerihavna i nord, nå tar imot ca. 75 prosent av dei argentinske landingane, mot 90 prosent for få år sidan.

## Marknad for norske fiskebåtar og utstyr i Argentina?

Styresmaktene i Argentina har sett som mål at oppfiska kvantum i argentinske farvatn skal nå 1 million tonn i 1980. For å nå dette målet, må fiskeflåte, hamner og foredlingsanlegg, spesielt i Patagonia i Sør-Argentina, byggast ut, og planar er klare. Men Argentina må henta fiskefartøy og utstyr utanfrå, og det er dei som hevdar at det her ligg ein bra marknad og ventar på norske båtbyggjarar og utstyrsprodusentar. Men marknaden ventar ikkje lenge. Der er hard konkurranse og det må aktiv marknadsføring til.

Vest-Tyskland, Japan og Spania er alt på plass på fangst-sida, og japanske og vest-tyske havforskningsfartøy kartlegg fiskeressursane i argentinsk sone. Men det vil gå mange år før ein har eit sikkert bilete av dei fiskeressursane Argentina rår over. For å unngå overfiske i mellomtida, vil det bli fastsett kvotar for kvart fiskebåtreiarlag eller kvart fartøy, og sett tak på kor mykje som kan fiskast av dei ulike fiskeslaga.

## «Smakstest» med gasskromatograf

Forskarar i det amerikanske landbruksdepartementet med kjemikaren Harold Dupuy i spissen, har tatt i bruk gasskromatograf for å fastslå kvaliteten på fisk og fiskeprodukt. Forkarane var på jakt etter ein objektiv metode til «å måla smaken» på produkt som inneheldt vegetabiliske oljar, og kom fram til at innhaldet av flyktige komponentar i oljane samsvarer godt med smaksvurderingar frå smakspanel med ekspertar på området. Det synte seg at smak og kvalitet på produkta gjekk ned ettersom talet på og konsentrasjonen av flyktige komponentar auka. Denne samanhengen synte seg å vera så systematisk i fiskeprodukt m.a. at forskarane har utvikla ein «sikker» smaks- og kvalitetstest på dette grunnlaget, skriv «Fishing Gazette».

## Tobisfiske på austkysten av USA

Det er mykje som tyder på at der er store mengder tobis på New England-kysten av USA, skriv «National Fisherman», og sist sommar vart det prøvafiske med godt resultat. To forskarar frå University of New Hampshire tråla i ti dagar på Stellwagen Bank utanfor kysten av Gloucester, Mass. I dei første tråltrekkane vart resultatet rundt 5 000 pund tobis (ca. 2,5 tonn) pr. halvtime. Men gjennomsnittet for alle tråltrekkane dei ti dagane, vart ca. 4 500 pund pr. ti minutt tauing.

Forskarane slo fast at fisken var der, at småtrålarane i området kan gå i gang med dette fisket etter litt omrigging, at der er marknad for fisken og ikkje minst at tobisfisket vil gi godt utbytte økonomisk. Men det er verd å merka seg at tobisen frå Stellwagen Bank ikkje berre vil gå i kverna, dei to forskarane fann ut at der er stabil, men aukande avsetnad av tobis til konsum i USA!

## Bergingshelikopter stasjonert på Shetland

British Airways skal ha eit helikopter klar til bergingsoppdrag 24 timar i døgeret på Shetland, opplyser «Fishing News». Denne bergingstenesta vart organisert etter protestar rundt det som hende då mannskapet vart berga frå Aberdeen-trålaren «Elinor Viking» ved dei ilgjetne Vee Skerries for ikkje lenge sidan. Bergingsmennene fekk fleire utmerkingar for den bragda dei utførde då dei berga mannskapet på «Elinor Viking».

## Tysk polarinstitutt i Kiel?

Med tanke på å utnytta ressursane i Sørishavet og Sørpolområda, skal vest-tyskarane skipa eit polarinstitutt, skriv «AFZ». Vest-Tyskland har brukt store summor på forskning, leiting og prøvafiske etter krill og fisk i Sørishavet. Dette arbeidet og leiting etter olje og mineralressursar, blir hovедoppgåver for det nye instituttet. Men førebels er det ikkje avgjort kor instituttet skal plasserast; både Kiel og Bremen står sterkt i biletet. Kiel kan visa til at universitetet i byen har drive med «polarforskning» i mange år og at fleire viktige firma som produserer instrument og gutstyr for havforskning, held til i byen.


## Millioninvesteringar i irsk fiske

Den irske regjeringa skal bruka £ 6 millionar og EF £ 12 millionar til å utvikla fiskerinæringa på den irske vestkysten. Det er meininga å gi stønad til bygging av 12—14 meter lange fiskefartøy for å få utnytta ressursane av lysing, kolmule, makrellstørje og djuphavsreker, skriv «AFZ». Ein del av pengane skal brukast til å gi ei skikkeleg fiskeskipparutdanning.

## Torskelandingane på Grønland opp 48 prosent i 1978

Den Kongelige Grønlandske Handel opplyser at det vart landa 30 270 tonn torsk på Grønland i 1978. Det er 9 882 tonn meir enn i 1977, ein oppgang på 48 prosent.

Landingane av reker gjekk ned med 16 prosent frå 14 395 tonn i 1977 til 12 461 tonn i 1978.



## Vannspruten gir mest lyd, når du skinner inntil 150 fileter pr. minutt på denne nye BAADER-maskinen.

Det er velkjent i fiskeindustrien over hele verden, at enhver nyutviklet BAADER-maskin representerer et teknologisk fremskritt.

Med BAADER 51 har vi tatt et langt skritt fremover. Hvitfisk og uer skinner med vanlig BAADER-presisjon og med en kapasitet som hittil ikke har vært mulig.

Maskinen starter skinningen uten å stjele fiskekjøtt ved sporen og dette gir optimalt utbytte. Maskinen går uvanlig stille takket være et minimum av bevegelige deler og et godt konstruert drivverk. Derfor er det vannspylingen som gir den høyeste lyden når maskinen går. Årtiers erfaring og avansert teknikk er forenet i BAADER 51.

Fra oss får du mere enn bare en ny maskin.

For flere opplysninger kontakt:

Agent i Norge:  
BRAMASKIN A/S  
Søndre Nes - 1344 Haslum  
Tlf. 53 39 50 - Telex 16032

**BAADER**

NORDISCHER MASCHINENBAU  
RUD. BAADER GMBH + CO. KG  
Postf. 1102 Geniner Str. 249 D-2400 Lübeck 1  
Telefon 04 51 / 5 30 21 Telex 026 839

## Gammelt fiskefartøy forlist



«Fangst» fotografert på Vågen i Bergen av Thor B. Melhus.

Lodde-tråleren «Fangst» av Ålesund forliste natt til 13. mars med full loddelast 6 n.mil vest av Nordkyn på Finnmarkskysten.

De to som var på vakt merket plutselig at baugen ble tung og at båten tok inn vann forut. De tre andre som lå og sov, ble tørnet ut og de kom seg alle om bord i en redningsflåte før baugen lå helt under vann. Etter en halv times tid ble de tatt opp av ringnotsnurperen «Olden senior» som hadde fanget opp nødmeldingen på radioen. «Fangst» sankt etter halvannen time.

Fartøyet hadde 1 900 hl om bord. Det var båtens største loddefangst i år etter å ha ligget i Øst-Finnmark i en måneds tid i påvente av loddeinnsiget.

«Fangst» ble opprinnelig bygget i 1915 ved Rosenberg Mek. Verksted i Stavanger som D/S «Hadarøy» for A/S Hadarøy Havfiskeselskap (Ole Garshol), Ulsteinvik. Far-

tøyet ble i 1918 solgt til O. Iversen & Niels Broh, Kristiansund N og omdøpt til «Fangst».

I 1921 overtok A/S Romsdalske Vexel- og Landmandsbank i Ålesund fartøyet etter konkurs og videre solgte det i 1923 til Sandborg Havfiskeselskap A/S, Ålesund. I 1929 kom fartøyet til Einar Hareide A/S, Hareid, og her var det hjemmehørende i en lang årrekke og det ble bl.a. kjent som snurpefartøy. Fartøyet ble forlenget både i 1931 og i 1955. I 1960-årene ble det ombygget til ringnotsnurper. I 1952 var dampmaskinen skiftet ut med en 300 bhk Alpha motor.

I 1973 ble fartøyet solgt til K/S A/S Sun Tuna & Co. (Reidar Sætremyr), Ålesund. I 1976 kjøpte de siste eierne fartøyet. Det var P/R Fangst (Jarle Hagen og Helge Hauge), Ålesund. De benyttet fartøyet som lodde- og industrifisktråler.

TBM.

det same havområdet, og skal halda fram med det. Dei nye forskingsfartøya skal etter planen få ein servicefart på 12,5 knop.

### Britisk fiskerioppsynsskip sjøsett

Hall, Russel & Co. i Aberdeen sjøsette nyleg HMS «Alderney», det sjuande skipet i ein serie på 1 200 tonn store og 60 meter lange oppsynsskip til den britiske marinen.

Oppsynsskipa av denne klassen har fått ry for å vera sjødyktige, og «Fishing News» opplyser at eit av dei andre fartøya i klassen utan vanskar gjorde 12 knop i vindstyrke 8—9, og 7 knop i vindstyrke 11—12 i ein storm nordvest av Hebridane i haust. Oppsynsfartøyet gjekk mot vinden i 12 timar utan at det vart registrert skadar av noko slag, skriv bladet.

### Svensk statsinteresse for blåskjell dyrking

Svenskane håpar på å utvikla blåskjell dyrking til storindustri på vestkysten. Forsøk i fire år med tau frå flåtar etc. har synt at tilhøva ligg godt til rette for jamn produksjon av kvalitetsskjell, skriv «AFZ». Forsøksanlegget har ein årskapasitet på 200 tonn. Men det vil nok bli langt større fart i sakene framover ettersom det store svenske konservesfirmaet Abba/Fyrtårnet har sagt seg interessert i å starta foredling av blåskjell.

Svenske styresmakter har løyvt ein million svenske kroner til utvikling av den nye næringa, og desse pengane skal først og framst gå til utviding av ei blåskjellåpne maskin og ein mikro-bølgeovn.

### Meir USA-fisk til Japan

USA vil truleg eksportera fisk og fiskeprodukt for bortimot \$ 500 millionar eller rundt 2,5 milliardar norske kroner til Japan i år. De ter ein av leiarane for National Oceanic and Atmospheric Administration som har sagt dette, etter at ein amerikansk eksportkommisjon gjesta Japan, skriv «Fishing Gazette». Dersom dette slår til, vil USA ha meir enn dobla fiskeeksporten til Japan på to år.

Under drøftingane i Japan, gjorde dei amerikanske eksportutsendingane det klart at freistnader på å hindra amerikansk fiskeeksport ville bli tatt med i vurderinga av kva land som skal få fiskelisensar har i amerikansk 200-mils sone, og kor store kvotar vedkomande land skal få.

FISKERINYTT  
FRA UTLANDET



### Kanada bygger ut havforskningsflåten

Regjeringa i Kanada har kontrahert to nye havforskningsfartøya på 49,5 meters lengste lengde til ein pris på 10 millionar kanadiske dollar kvar. Fartøya som blir av hekktrålararten, skal byggast ved Ferguson Industries Ltd. i Pictou, Nova Scotia. Oppdraget gir arbeid til 150 mann i to år.

Dei to nye fartøya skal utstyrast med det nyaste i fiskereidskap og skal ha fullt utstyrt laboratorium om bord, blir det sagt i ei pressemelding frå styresmaktane i Kanada.

Det eine havforskningsfartøyet skal koma i staden for eit 20 år gammalt forskingsfartøy, «A. T. Cameron», som har base i St. Johns på Newfoundland.

Det andre forskingsfartøyet skal ha base i Halifax, Nova Scotia.

Dei nye forskingsfartøya skal først og framst driva biologisk prøvetaking, og måling og kartlegging av fiskeresursane i 200-milssona på austkysten av Kanada. To andre forskingsfartøya, dei store isforsterka trålarane «Gadus Atlantica» og «Lady Hammond», utfører forskingsoppdrag på leigebasis i

## Reguleringsutvalgets tilrådinger:

På møtet i Bergen 2. april gjorde Regjeringsutvalget følgende tilrådinger:

### Ingen justering av torskestrålkvotene

Det blir ingen justering av strålkvotene i fisket etter norsk-arktisk torsk nå. Spørsmålet vil bli vurdert på nytt på neste møte i utvalget. Møtet er fastsatt til 30. april. Utvalget tilrår at kombinerte ferskfisk/frysestrålere under 300 brt som leverer fangstene rundfrosset i land for filetproduksjon bør få et kvotetillegg på 10 prosent. Spørsmålet om reguleringa av fisket etter norsk-arktisk torsk med passive redskaper ble utsatt. Utvalget ber om at Fiskeridirektøren tar opp spørsmålet om innsatsreguleringer i trålfisket med Norges Fiskarlag.

### Atlanto-skandisk sild utsatt

Spørsmålet om eventuelt fiske etter atlanto-skandisk sild i år ble utsatt til neste møte. Også spørsmålet om åpning av fisket innenfor grunnlinjene til eget forbruk ble utsatt.

### Rekefiske i Barentshavet

Utvalget tilrår at det norske rekefisket i sovjetisk

sone i Barentshavet åpnes 15. mai. Alle fartøyer som har lisens for fiske i sovjetisk sone kan delta i fisket.

### Rekefiske ved Vest-Grønland

Utvalget tilrår at de båter som ikke er gått på rekefiske ved Vest-Grønland innen 15. mai, bør miste den delen av kvoten som overstiger ei last, og at de heller ikke skal kunne få tilleggskvoter seinere. Fartøyer som ikke er gått til feltet innen 1. august, vil miste hele kvoten, tilrår utvalget. Videre tilrås det at båter som har restkvote må være gått til feltet innen 1. september.

### Makrellfiske i Nordsjøen og Skagerrak

Norske fiskere kan i år ta totalt 96 800 tonn makrell i Nordsjøen og Skagerrak. Det er en forutsetning at 70 000 tonn av dette skal tas i Shetlandsområdet, dvs. nord for 60 gr. nord og vest for 2 gr. aust. Utvalget går inn for at konsumfisket fortsatt skal være åpent både sør og nord for 60 gr. nord i norsk sone, og nord for 60 gr. i EF-sonen. Utvalget tilrår videre at fisket til oppmaling i Shetlandsområdet bør åpnes 2. juli. Samtidig stoppes fisket til konsum i norsk sone. Konsumfisket i dette området bør åpnes igjen når kvantumet på 70 000 tonn i Shetlandsområdet er tatt, eller seinest 15. august, tilrår Reguleringsutvalget.

## «Dr. Fridtjof Nansen» til Sri Lanka

Forskningsfartøyet «Dr. Fridtjof Nansen» som Norge har stilt til rådvelde for FAO, skal fortsette granskingane rundt Sri Lanka. Fartøyet går frå Colombo ca. 20. april for å halda fram med dei granskningane som vart utførde med fartøyet i august—september i fjor. J. Blindheim, S. Brattås, H. Gill, H. Kismul, H. Pettersen og G. Vestnes blir med på toktet frå Havforskningsinstituttet i Bergen. Det skal også vera med personell frå Fiskeridepartementet på Sri Lanka. Toktet varer i to månader.

## Steinfjord Produksjonslag får statslån til bygging av ror- og egnebuer

Fiskeridepartementet har gitt Steinfjord Produksjonslag, Tangstad, et lån på kr. 120 000 til bygging av ror- og egnebuer. Det er et vilkår for lånet som har ei løpetid på 15 år, at utbygginga er begynt seinest to år etter at lånetilsgnet ble gitt.

## Dispensasjon for tining etter «bakkemetoden»

Fiskeridirektøren har gitt Lofotfangst, 8315 Laukvik, dispensasjon frå § 35 i ferskfiskeforesegne for, på nøye spesifiserte vilkår, å driva tining av fisk etter «bakkemetoden» med sikte på dobbelfrysing. Dispensasjonen gjeld til offentlege foresegner blir sette i verk, men likevel ikkje lenger enn til årsskiftet.

Kontrollverket kan straks kalla dispensasjonen attende dersom kontrollen meiner det er grunn til det.

## Stabburet A/S i Laukvik godkjent av Kontrollverket

Fiskeridirektøren har godkjent anlegget til Stabburet A/S, 8315 Laukvik, for pakking av ferskfisk, frysing av fisk og produksjon av saltfisk og tørrfisk. Anlegget er ført inn i Fiskeridirektørens register over godkjende tilverksanlegg med registreringsnummer N-581 under avdeling 2a, 2b og 2c.

## Fra «Grundvig» til «Tonny»

Fiskeridirektøren har gitt samtykke til at Edvard Grundvig, Hans H. Grundvig og Sigurd Grundvig, 1622 Engalsvik, tar over eigedomsretten til R-20-HA «Tonny».

Fiskeridepartementet har gitt dei tre løyve til å driva tråling etter industrifisk sør for 64° n.br., etter konsumfisk sør for 65° n.br. og etter kolmule, lodde og polartorsk med «Tonny». Vilkåret er at dei tre eigarane sluttar av konsesjonspliktig fiske med Ø-11-O «Grundvig» før dei startar fisket med «Tonny».

## R-784-K «Vigra» kan få att konsesjonane

Fiskeridepartementet har gitt K/S A/S Argiv & Co., v/Kåre Hatløy, 4276 Vedavågen, lovnad om at dei vil få att ringnot- og trålløyva for R-784-K «Vigra» dersam endeleg sal av fartøyet til Storbritannia går i orden innan 12 månader etter at britane har tatt over fartøyet. Bakgrunnen er at «Vigra» skal seljast «midlertidig» til Storbritannia!

## Industri- og konsumtrål- løyve til M-60-HØ «Austervon»

Fiskeridirektøren har gitt Jarle Wågsholm, 6090 Fosnavåg, avgrensa trålløyve for M-60-HØ «Austervon». Løyvet gjeld tråling etter industrifisk sør for 64° n.br., etter konsumfisk sør for 65° n.br. og tråling etter lodde, kolmule og polartorsk.

## Dispensasjon frå ferskfisk- føresegnene for Fi-No Tro

Fiskeridirektøren har gitt Fi-No-Tro løyve til inntil vidare å lagra filetavskjær til dyrefor på same lager som frosen filet til konsum ved anlegga i Vardø og Båtsfjord. Dispensasjonane som er gitt på strenge vilkår, gjeld inntil vidare, men ikkje lenger enn ut dette året. Dispensasjonane kan bli inndratt dersom Fi-No-Tro bryt vilkåra eller dersom Kontrollverket finn det nødvendig.

## Mellom 50 og 60 fiskealingsanlegg strokne av registeret

Eigarane av mellom 50 og 60 anlegg for oppaling av fisk, har fått brev frå Fiskeridirektøren om at anlegga er strokne i registeret for anlegg for fiskeoppal. Dei fleste anlegga som blir tatt ut av registeret, vart registrerte i 1973 og 1974 og har ikkje vore i drift dei siste fem åra. I brevet frå Fiskeridirektøren får eigarane av anlegga melding om at dersom dei vil driva fiskeoppal i framtida, må dei søka om løyve til dette i samsvar med lov om fiskeoppal.

11 av dei strokne anlegga hadde konsesjon i medhald av den mellomlands lova om fiskeoppal. Men eigarane hadde ikkje brukt konsesjonen innan tidsfristen på to år.

## Statsslån til Gunnar Larsen, Lurøy

Fiskeridepartementet har gitt Gunnar Larsen, Nord-Svolvær, Lurøy, et lån på kr. 250 000 til bygging av kai og filetrom og til kjøp av diverse utstyr i samband med bygginga. Lånet skal betalast tilbake over 15 år.

## Statfisk får godkjent frysekapasiteter

Fiskeridepartementet har gitt Statfisk v/Gudmund Honningsvåg, 6758 Stadtvågen, konsesjon for disse frysekapasitetene ved anlegget i Stadtvågen:

1. Fryselagervolum på 950 m<sup>3</sup>.
2. Luftfryser med innfrysingskapasitet på 15 tonn pr. døgn og
3. Kompressorkapasitet på 130 000 Kcal pr. time ved  $\div 35/ + 25^{\circ} \text{C}$ .

## Dispensasjon for ryggbeinsei til Kongo

Fiskeridirektøren har gitt Brødrene Jangaard A/S, Ålesund, dispensasjon frå § 30 og 31 i saltfisk- og klippfiskføresegnene for skipping av ryggbeinsei til Brazzaville i Kongo. Dispensasjonen gjeld eit parti på 500 kartongar klippfisk sei med heilt ryggbein av underordna kvalitet. Brødrene Jangaard A/S får løyve til å skipa partiet på vilkår av at kartongane blir merka «inferior» og at fisken er sunn og frisk vare og så tørr som han skal vera etter føresegnene.

## Dispensasjon for hyseblokker til fiskemat

Fiskeridirektøren har gitt Frionor Norsk Frossenfisk A/L løyve til å bruka eit parti hysefiletblokker som var stoppa ved A/S Melbu Fiskeindustri, til fiskemat. Blokkene må produserast til fiskemat ved eit av dei innanlandske anlegga til Frionor. Før partiet blir sendt, skal det merkast med «Høyt beininnhold», og det skal sendast som eige parti.

## Dansk industritrålar utvist av norsk sone

Då kystvakta inspiserte den danske industritrålaren HG-292 «Kirsten Gjedsig» i Nordsjøen før helga, synt det seg at trålaren ikkje hadde gyldig norsk lisens om bord. Skipparen om bord fekk skriftleg åtvaring og «Kirsten Gjedsig» vart utvist frå norsk sone til dagen etter. Til den tid rekna norske styresmakter med at trålaren ville ha fått den rette lisensen om bord.

## Nye medeigarar i M-175-HØ «Uksnøy»

Fiskeridirektøren har gitt sitt samtykke til at Lars Uksnøy, Myklebost på Harøy, Knut Uksnøy, Brattvåg, Ove Uksnøy, Brattvåg og Knut Kjøl, Eide på Nordmøre får ta over 3/30 partar i M-175-HØ.

## Forskar til sildemøte i København

Havforskar Herman Bjørke frå Havforskningsinstituttet reiser til København for å vera med på arbeidsgruppemøte i ICES, Det internasjonale rådet for havforskning, i dagane 25.—27. april. Møtet er i arbeidsgruppa for sildelarvegranskningar sør for 62° N.

## Industri- og konsumtrål- løyve til «Nordsjøtrål»

Fiskeridirektøren har gitt Gunleiv Dahl, 4276 Vedavågen, avgrensa løyve til å fiska med trål med R-230-K «Nordsjøtrål». Løyvet gjeld tråling etter industrifisk sør for 64° n.br., tråling etter konsumfisk sør for 65° n.br., og tråling etter lodde, kolmule og polartorsk.



J. 50/79

## SOMMERLODDEFISKET 1979. REDUKSJON I EVENTUELLE FARTØY- KVOTER SOM FØLGE AV DELTA- KELSE I KOLMULEFISKET VED FÆRØYANE I 1979

I kvoteavtalen mellom Norge og Færøyane for 1979 er Færøyane tildelt en kvote i sommerloddefisket på 10 000 tonn. Ved tildelingen var det Fiskeridepartementets forutsetning etter samråd med Norges Fiskarlag at ved en eventuell fartøytvoteregulering i sommerloddefisket i 1979 skulle reduksjonen på 10 000 tonn i den norske totalkvoten bæres av de fartøyer som har fisket kolmule i færøysk sone i 1979.

Fiskeridepartementet vil senere eventuelt utferdige forskrifter om slik reduksjon i kvotene for angjeldende fartøyer.

Fisket i perioden 19. mars — 1. april:

## Snurpeflåten stort sett på «tomgang» — loddefisket nesten slutt, mens kolmulefisket ikke var begynt

### Ferskfisktrålerne leverte storfangster

### Bra fiske i Lofoten og på kysten av Nord-Vestlandet

Uke 12 (19.—25. mars)

Godt vær og godt loddefiske

Flere snurpere med makrellast fra Kanalen

Meget gode landinger fra ferskfisktrålerne denne uka også

Meget godt garnfiske på Varangen

Labert ellers i Aust-Finnmark

Nedgang i fangstene i Troms

Meget gode vær- og driftsforhold og bra fiske i Lofoten

Nedgang i kvantumet både for Frøya- og Viknafisket

Oppsving i seinotfisket

Seigarnfisket i Nordsjøen går mot slutten.

Heller ingen fart i fisket på Haltenbanken

Stor deltakelse og godt fiske etter gytetorsk med garn

på kysten av Møre og Sogn og Fjordane

Ingen større landinger av bankfisk denne uke

Bra tilførsler av konsumfisk i Rogaland

Uke 13 (26. mars—1. april)

Loddefisket går mot slutten

Snurpere på vei heim med makrell fra Scilly Isles.

Andre båter har levert i England

Storlandinger fra ferskfisktrålerne

Meget godt garnfiske på Varangen

Men seinvasjon skapte store problem for garnfiskerne

Ujevnt fiske i Vest-Finnmark

Meget gode fangster på garn og juksa i vestlige distrikt

Fangstene omtrent som forrige uke i Troms

Trass i meget gode driftsforhold, gikk ukekvantumet ned i Lofoten

Enkelte Finnmark-båter har alt forlatt Lofoten

Vikna- og Frøyafisket gav omtrent samme kvantum

som uka før

Oppgang i seinotfisket, spesielt i Trøndelag

Seigarnfisket er nå slutt i Nordsjøen

På Haltenbanken blei det ikke tatt noe storsei

å snakke om denne uka heller

Trålfiske etter småsei på kysten av Vestlandet


gav bra resultat

Garnfisket etter gytetorsk på kysten av Møre og Sogn

og Fjordane gav større kvantum denne uka.

Bra fiske utafor Karmøy

Fisket på det jevne på Skagerrakkysten



«Røeggen» som leverte 86 tonn i Båtsfjord i uke 12 var stort sett representativ for Finnmarkstrålerne den uka.

